

TEMA: *Embetsmennene* ①61, *Frå tjodveg til riksveg* ①84

KART: ④438, ④440

Ferstad

FERSTAD er vel verdt ei vitjing. Garden ligg på eit lite høgde- drag sør for Lekven; ein vakker embets- gard frå 1700-talet.

Ferstad er ein av dei få gardane i Os som aldri har lege under Lysekloster eller andre av dei store jordeigarane. Frå 1670 og i 200 år frametter er det prestar og offiserar som har vore eigarar, og dei hadde sjølvsagt andre til å driva garden for seg. Sist på 1800-talet vart det også drive pensjonat på garden.

Eldste delen av hovudbygningen er frå kring 1645, då alle husa på garden hadde brunne. Dette var før embetsmannstida, og denne bygningen var eit vanleg gards- hus. Det var på 1700-talet huset fekk den herskapelege utsjånaden sin. Då vart drengestove og kårhus bygde som fløyer til hovudhuset.

Hovudbygningen er restaurert og har mange fine detaljar i interiøret. □



VARGAVÅGEN OG KATLABERGET

I den nordaustlege delen av Grødalshaugen ligg det eit kleberbrot. På sjølv bergveggen finst tett i tett av hoggemerke og restar av gryteuttak. Framfor ligg avfalls- haugane som store vollar av kleberflis og jord. Store mengder kleber er tekne ut, og etter form og storleik på kleberstuvane i bergveggen er det vikingtida sitt form- språk som talar. Grovhogne kar og emne vart truleg tekne ned til sjøen og frakta i båtar ut or vågen.

På veg ut Vargavågen ligg Vargahola; ei stor hule i bergveggen like i sjømålet. I dag er det vinteropplag for småbåtar her, og det er stilla som rår. Men for 1000 år sidan, i vikingtida, må her ha vore eit yrande liv av bankande steinsmedar og folk i båtane utanfor. Ei heil kleberåre i berget er utnytta, og hola ligg no som ei løyndomsfull opning til fortida. Folke- tradisjonen knyter hola til munkane og Lysekloster, men brotet har vore i drift lenge før mellomalderen.

I lia opp frå vågen, vel ein kilometer vest for Vargahola, ligg Katlaberget; som eit imponerende forhistorisk industriområde i utmarka. Vi finn bergveggen med hogg- merke og den store vollen framfor, alt av monumentale dimensjonar. Kleberindu- strien i Vargavågen har vore omfattande og viktig. Kleber var eit framifrå råma- teriale til bygningsstein og til kokekar, slik nettopp namnet katla «kjel» fortel.

«DEN STAVANGERSKE POST-TOUR»

Då postrutene vart skipa i 1647, gjekk postvegen til Stavanger over Os, med båt over Bjørnefjorden til Våge og vidare over land til Søreide på Tysnes. Herifrå var det båtskyss til Haga på Stord, og vidare til Borgundøy og til Nerheim i Ølen. Etter fleire ulukker med kollsiglingar på Bjørnefjorden vart vegen i 1758 lagd over Hatvik, der det vart skyssskifte, så med båt over Fusa-fjorden til neste skyssskifte på Øpstad (②45), og så vidare over Fusa- fjellet til Særvoll i Strandvik. Derifrå gjekk ferda med båt til Sundfjord i Lygre- pollen – ein av dei lengste etappene til fjords i Hordaland – og vidare over land til Huse i Ølve, der båtskyssen overtok fram til Herøysund.

Ser vi på sambandsvegane over Bjørne- fjorden, ser vi straks at garden Ferstad ligg i ei kommunikasjonslinje mot aust. Gardane Ferstad, Lunde og Halljem ligg ved lune og djupe vågar, og det er ikkje overraskande at vi finn langskips- tufta for Framnes skipreide i Lekven- vågen. Ferstad kjem truleg av «ferjestad»; eit samband over fjorden til Fusa. Kanskje var det denne vegen dei drog, munkane frå Lyse, når dei fór til kloster- garden Opedal i Hardanger. Heilt fram til midten av 1800-talet var kyrkjevegen for Øya-folket med båt inn Hauglands- sjøen, over land til Ferstad og med båt- skyss til Os.



Utkragningsbrua på postvegen ved Søfteland er bygd kring 1800.

